



Klart for MaiQuiz på Oska.

Rapportane etter den første Quizen på Oska for ein måned sidan var svært gode. Gjennomføringa fekk mange lovord, og det var stor spenning til siste slutt. No er Quizmaster Sammy Myklebust igjen godt førebudd og klar til å testa allmennkunskapane til quizlaga i maiutgåva med Quiz førstkommande fredag.



Vinnarane på Quizen i april.

Quizen fredag 6.mai startar kl.20, men vertskapet på Oska på Sandakaien opnar dørene ein time før. Det er påmelding av lag innan torsdag 05.mai, og det kan vera max. 6 deltakarar på kvart lag. Påmelding til rokokk@gmail.com eller sms til 918 64 091. Inngang kostar 80 kr, og Roy Lervåg og Oska lovar flotte premiar og salg av enkel mat etter Quizen. I tillegg veit vi at Sammy Myklebust gjorde ein god jobb som Quizmaster sist, og han stiller med god variasjon og breidde i spørsmåla.

Som dei fleste nok kjenner til, skal det snart setjast i gang ølproduksjon i Kvinnherad. I samband med dette kjem Margit Lund Mikkelsen frå Mykle Mikrobryggeri for å fotelja om desse planane.

Det ligg an til ein både koseleg og spennande kveld på Oska fredag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Sammy Myklebust og SmakifråOska.